

# Levende av tro – levende av tvil

**SKIEN/JYLLAND: For første gong blir tekstane og teikningane til Erik Bomann-Larsen tilgjengelege for publikum. Ei underleg bok om eit uvanleg liv. Det er ikkje han sjølv som gjev ut boka, det gjer biletkunstnar Marit Bente Norheim. Dei er både frå Skien, og har vore vener og samtalepartnarar i over førti år.**

ANNE LOGNVIK

Det er inga eventyrforteljing, snarare tvert om. Store delar av livet har Bomann-Larsen vore psykiatrisk pasient, og skrivne ned det han tenkjer, trur og meiner.

Det er dystre og brutalt ærlege tekster:

**Jeg har kjent lukten av meg selv**

**Helt siden en kaldte meg bacon-ost**

**i 5-årsalderen.**

**En eim av talentløshet har fulgt meg siden.**

Men Erik Bomann-Larsen er langt frå talentlaus, det kjem tydeleg fram i boka. Eigentleg er det ikkje ei bok, det er to bøker som er bundne saman på midten. Den fyrste boka er 104 sider, og har tittelen *Levende av tro - Levende av tvil*. Den andre boka er 206 sider. Tittelen er: *Forsker i følsomhet - tankerperling*.

Biletkunstnar Norheim er redaktør, og ho har hatt mykje å plukke i. Bomann-Larsen har skrivne heile livet, og har tusenvis av sider både i handskrivne blokkar og elektronisk mapper på sin eigen PC. Han har skrivne sitt liv, særleg sitt indre liv. I yngre dagar teikna han også. Norheim har fått mykje av det skrivne materialet frå forfattaren, ho har plukka ut og sett saman. Ei krevjande oppgåve fordi det er enorme mengder å ta av. Norheim meiner dei ulike kunstnarlege sjangrane går inn i kvarandre, det handlar om kreativitet og formidling.

**Et slim av mindreverd lå over meg.**

**Respekt er mer verd enn penger.**

**Djevelutdriving**

Norheim kom borti Bomann-Larsen som 18 åring då ho fekk høyre om at han hadde vore utsett for djevelutdriving. Ho var ung og søkjande, leita etter retning og svar. Møtet med Erik blei til eit livslangt venskap, og no, etter 44 år, gjev ho ut boka med utvalde teikningar og tekstar.

Etter djevelutdrivinga blei Bomann-Larsen innlagt på psykiatrisk sjukehus i Skien, lukka avdeling. Det er dit dei definert sjukaste kjem. Før dette hadde han brent alle sine teikningar fordi han blei fortalt at dei var ikkje var forbundne med Gud. Konklusjonen blei at det var Satans verk, dei måtte vekk.

Norheim fekk seinare redda unna ein del teikningar, og mange av dei er også trykte i boka.

**Fornuft eller galskap**

Som journalist kjenner eg meg på gyngande grunn når eg gjev meg i kast med denne boka. Eg har kjent Marit Bente Norheim i mange år, og høyrte om Erik nesten like lenge. Skal eg vera ærleg, er eg litt feig, eller kanskje redd. Redd for å gå inn i sjelegranskingsområdet. Det er best å halde seg på tørt land, der sjela spinn på overflata for så å hoppe vidare til neste tuve.

Men no ligg boka der framfor meg. Den er heilt ulik alle andre bøkar og har lese.

Den har to framsider, du kan i grunnen ikkje lesa frå perm til perm. Halvvegs i boka må du snu den og starte på nytt. Når tekstane blir for nærgående, kan du bla i teikningane som er monumentale og detaljerte på same tid. Dei utfordrar deg til å tenkje, prøve å skjønne. Kva vil han her tru?

Noko minner om Pablo Picassos og Georges Braques.

**DET VONDE SOM BARE SKULLE SKRIVES I SNØEN**


**Boka er laga i Danmark**

Me går rundt i det atelieret på Jylland blant gipsutkast til mange av dei store skulpturane til Norheim. Mest kjent her i landet er ho vel for Rottejomfruen på Bakkestranda i Skien, for kvinneskulpturar på Klosterøya og i Porsgrunn, for Campingkvinnene og Life-boats. Biletkunstnar Marit Bente Norheim bur på Nord-Jylland i Danmark med sin danske mann Claus Ørntoft som også er kunstnar.

Men no handlar det altså om bokutgjeving. Norheim er redaktør for fyrste gong, og boka har fått støtte både frå Skien kommune og Fritt Ord.

Det er absolutt inga økonomisk fornuft i å lage ei bok om Erik Bomann-Larsen, men det har altså Norheim gjort fordi ho synest tekstane og teikningane hans bør ut til eit større publikum, dei har noko å sei til moderne menneske.

Andre kan identifisere seg med det sårbare og følsame, finne hjelp til å gå vidare. Mange tore ikkje innrømme at dei er psykisk sjuke for då er dei ingenting. For Erik er respekt viktig,



«HIMMELENS FORGÅRD»: Erik Bomann-Larsen i «Himmelens forgård» med PC-en og bilete på veggen.

der han no bur. Erik Bomann-Larsen er fysisk svekka, og klarer seg ikkje utan hjelp, men hovudet er klart og kjapt. Han trivast på aldersheimen.

Han ventar meg på rommet, og på PC-skjermen ser eg at han har skrivne at eg skal koma. Han har ikkje heilt fått med seg namnet, så det er det fyrste og må gjera.

Bokstaverer namnet mitt. Eg har alt sett i skriveløkene at dette er ein svært skrivefør mann.

Korleis er det å koma ut i bokform for fyrste gong, undrar eg.

Når eg les på ein subjektiv måte kjenner eg meg dømt nord og ned, kjenner meg som ein totalt mislykka kreativt. Men når eg får det litt meir på avstand, les på ein objektiv måte, synest eg det er ganske bra.

Han fortel at han framleis skriv og skriv. I alt har han 51 store tettskrivne mapper på PC-en. Han er glad for at denne boka kjem, men har også eit verk om metafysikk som han

meiner bør koma ut. Han har inga forklaring på kvifor han sjølv ikkje har fått gjeve ut noko gjennom eit 70 år langt liv med skrivning.

Bente er den einaste som kunne setje dette i gang.

**Jeg er et røt som svaier i vinden og som bare kan skape i ord, dersom og bare i det øyeblikket røret svaier.**

**Stolt av å vera pasient**

Då Bomann-Larsen var 18 år fekk han ei identitetskrise som gjekk over i sinnsjukdom. I seks

år sleit han før han kom seg gjennom den fyrste krisa. Han er overtydd over at veldig mange i dag slit med at dei ikkje skjønner meininga med livet.

Sjølv meiner han å ha funne svaret på kvifor han lever.

Det er på grunn av Kristus vitnesbyrd og verdien av kjenslelivet, det følsame. Utan kjenslelivet blir universet utsletta.

Bomann-Larsen ser opp til andre som slit psykisk, og trur at han gjennom det han skriv kan vera med å løfte andre. Psy-

kisk lidning er forbunde med mykje krenking og skam, det er det ingen grunn til, slår han fast.

**Leke gjemsel i en celle uten skjulesteder.**

**Det eneste du gjør er å holde hendene foran øynene og håpe at ingen ser deg.**

**Det sårbare**

Marit Bente Norheim er biletkunstnar, men har våga seg ut på litt djupt vatn. I tillegg til boka om og med Erik, jobbar ho med eit stort skulpturprosjekt

om det sårbare. Det er ein fellesnemnar for dei to kunstnarane. Ein av dei fyrste skulpturane Norheim laga som heilt ung var av Erik, og no er også Erik med. Ein skulptur i ei glasboble av ein aldrande Erik på kne inne i bobla si har ein sentral plass i utstillinga ho jobbar med. I tillegg er Erik Bomann-Larsen gudfar til Tonje, eldestedattera til Marit Bente Norheim. Så livsveven er sterk og tett, det er også bakgrunnen til boka.

Så og sei kvar einaste dag året rundt snakkar dei to saman på telefon, han i Skien, ho på Jylland.

Den vakre og rare boka skal presenterast i Kulturkirken Jakob i Oslo 7. november, men Erik kjem ikkje dit. Han ventar på rapport i Himmelens forgård, altså Lyngbakken.

Marit Bente Norheim trur at

mange vil finne både innsikt og erkjening i tekstane og teikningane til Erik Bomann-Larsen, men ho innrømmer at ho er spent på mottakinga denne spesielle boka vil få.

**Det er en halv time til jeg skal ta sovemedisinene.**

**Vil pusse tennene. Det går vel greit.**

**Jeg er kjempelagd for at jeg ikke har skjult meg på noen måte.**


**Jeg stod ved det jeg hadde oppdagat hos meg selv. Jeg forandret ikke ordene.**

**Jeg stod ved min mindrefølelse.**

**Jeg gleder meg til himmelen. Det er like om hjørnet.**

Alle utheva tekster er henta frå boka.

**- WAIT BABE. PEARLS GOES BY MY MIND**



HUSK: Du kan mislykkes 1000 ganger uten å være slått ut. Reis deg når du føler deg mer hel.



MED BOKA: Marit Bente Norheim med boka og nokre av notatblokkane til Erik Bomann-Larsen.